

JUL FØR OG NO:Førjulstid i bakeriet

27.12.2011



Bakaren og brødbilen foran butikken innunder jul i 1939. I vindauge heng ein stor kakemann og norske flagg og butikkjenta tittar fram i døra

**Det var travel førjulstid i bakeriet og butikken til H. Sætre.  
Juleførebuinga i butikken og bakeriet tok til med pynting  
av butikkvindauga. Det var ei heller enkel pynting sett med dagens auge.  
Ei julestjerne i kvartvindauga, julelys og juleglitter var det som var vanleg,  
og små, norske flagg ilenkjer.  
Ei tid hadde far tradisjon med å laga og måla ein stor kakemann som vart  
hengd opp i det eine vindauge**

Frå tidleg i desember kom det inn bestillingar på brød, og då var det sjølvsagt julebrød og vørterbrød det gjekk mest av. I tillegg baka far småkaker som vart laga til i posar med plastvindu.  
Og det var ikkje snakk om å bruka margarin i småkakene,  
det var kun meierismør som var godt nok.

Når han hadde fått oversikt over bestillingane, var det å kjøpa inn nødvendige råvarene,  
og sjølvsagt andre julevarer.  
Det meste kom med rutebåten frå Bergen og måtte hentast på Sandakaien.  
Vi ungar var mest oppteken av at han hadde huska å bestilla den raude julebrusen frå Hansa.  
Store bestillingar som t.d. mjøl måtte han passa på å kjøpa inn i god tid.  
Mjølk og fløyte vart kjøpt hos Liv Kolltveit på mjølkeutsalet som låg i kjellaren  
til noverande Lises brukbutikk.  
Og mjølka og fløyten vart henta i laus vekt i småspenn.  
Bakerst iutsalet var det støypt eit stort kar der mjølkespanna stod til kjøling i kaldtvatn.

Når det nærma seg jula, så måtte han ha hjelp både i butikken og i bakeriet.  
Frå tidleg, tidleg morgon veslejulafta og fram til klokka seks – sju om morgonen julafta,  
gjekk det i eitt i bakeriet, berre avbrote av nokre timer kvile. I bakeriet hadde far  
med seg 1 – 2 hjelpegutar i tillegg til den faste læreguten.  
Det kunne ofte vera ungdomar som var til sjøs og som var heldige og var heime i jula.  
Også i butikken var det ei ekstra butikkdame, eller kanskje to.

I butikken starta dagen tidleg julafta, med å pakka inn alle brøda som var  
bestilte. For å få plass til alle brøda måtte ein laga til eksta hyller i  
butikken. Til og med kontoret vart teke i bruk til å stabla brødpakkar. Og så  
gjekk det slag i slag utover dagen, fram til stengetid. Då hadde far fått seg

nokre timer søvn, før han måtte i gang med å rydda og klargjera i bakeriet og i butikken. Ofte kunne klokka bli både 3 og 4 på ettermiddagen før han var ferdig, eller rettar sagt; vi var ferdige. For her måtte heile familien trø til.

Men når klokkene i Uskedal kyrkje ringde jula inn, då var alt klart og julefeiringa kunne ta til i bestastovo heime.

Harald Sætre